

Til

Lindås kommune

Vegavdelinga

v/Rune Kilen

Erklæring og aksept på tildelinga av midlar

Vi ynskjer å rette stor takk til Lindås kommune for at de går inn og støttar oss økonomisk i samband med opprusting av gardsvegen rundt Botnavatnet i Dyrkolbotn. Dette betyr mykje for oss som grunneigarar og for andre som bruker vegen.

Vi er innforstått med at dette er eit eingongstilskot som ikkje bind Lindås kommune til framtidig drift og vedlikehald av vegen.

- *Vegen skal vere open heile året for «allmenn ferdsel» for dei som ynskjer å nytta vegen som tilkomst til fjellheimen.*
- *Det skal vere tilrettelagt for ei mindre parkering på eigedomen til Helge Dyrkolbotn gbnr 247/2 til høgre for brua inst inne. Det er grunneigar som har ansvar for tilrettelegging av parkering og har dialog med kommunen som plan- og byggesaksmynde.*
- *Lindås kommune ber om erklæring og aksept frå grunneigarar om desse vilkåra.*

Vi aksepterer punkta over, med følgjande merknader:

- Å halda vegen open heile året byr mange vintrar på store utfordringar då Dyrkolbotn er ein stad det kan være svært mykje snø. Kanskje er det heller ikkje noko mål at vegen skal vera open heile vinteren. Då er det som regel gode forhold for ferdsel på ski både over og rundt Bortnavatnet.
- På eigedomen til Helge Dyrkolbotn er det opparbeid ein liten parkeringsplass, og grunneigar vil rydde den litt betre slik at den eignar seg for parkering av 4-5 bilar.
- Denne erklæringa har gyldighet i 10 år frå signeringsdato

Dyrkolbotn, 11.10.17

Sjur Dyrkolbotn
Grunneigar 247/1

Helge Dyrkolbotn
Grunneigar 247/2